



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN  
Norge

Vår sakshandsamar  
Maria Makloufi Skjold

Vår dato  
17.03.2021  
Dykkar dato

Vår referanse  
21/00130-5  
Dykkar referanse  
2020/74003

## Høyring. Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

Vi syner til utsendt sak på høyring og ynskjer å kome med innspel til høyringsdokumenta.

Landbruk er ei svært viktig næring som skapar økonomiske verdiar gjennom ei heil verdikjede frå jord via lokal industri til bord. Yrkesutøvarane i landbruket er grunneigarar for mykje av areala i Vestland. Desse areala i inn- og utmark gjev grunnlag for verdiskaping i andre næringar. Det vert i planen synt til at Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Sett med våre auge sit landbruket på mange av løysingane i omstillinga frå eit oljesmurt næringsliv til eit næringsliv som skal skape sine verdiar gjennom ein sirkulærøkonomi.

Det er svært viktig at noverande næringar i Vestland også får fokus i planen. Landbruket produserer i stor grad for ein innanlandsk marknad, men marknaden er samstundes sterkt konkurranseutsett frå import. Det er også ein sterk konkurranse om marknaden innanlands. Landbruket i Vestland må til ei kvar tid ha fokus på innovasjon og utvikling, og det vil vere viktig at fylkeskommunen er med å legge til rette for at utviklinga kan skje.

Vi tykkjer det er bra at fylkeskommunen vil skape eit eigarskap til planen hos næringslivet. Skal ein lukkast med dette må næringsslivet involverast i sterk grad. Vestland Bondelag ynskjer gjerne å bli involvert i det vidare arbeidet med konkretisering av handlingsprogram for kortare og lengre tidsperiodar.

### Satsing

Vi tykkjer planen sine tre satsingsområde er gode. Næringslivet må gå i ei grønare lei med større fokus på sirkulærøkonomien. Innovasjon og korleis samfunna fungerer for å tiltrekke seg rett kompetanse vil vere avgjerande. Det same gjeld arealbruken. Ei omlegging frå oljesmurt næringsliv til eit grønare næringsliv vil krevje nye areal. Vi er opptekne av at matjorda vert teken vare på i dette kappløpet mot ei ny tid.

Vi saknar eitt satsingsområde i planen, og det er nærmere opp mot dei erfaringane som vi har fått gjennom koronapandemien. Pandemien har lært oss at mange oppgåver kan løysast kvar som helst i frå. Dette når føresetnad om nett og digitale måtar å kommunisere på er oppe og går. Vi meiner det må jobbast seriøst med ei satsing på å legge til rette for at menneske kan ta med seg arbeidsoppgåver frå byane og jobbe i spanande tverrsektorelle kontorfellesskap i heile Vestland. Vi trur at mange gode nye idéar kan oppstå når menneske frå ulike miljø med ulik kompetanse og ståstad kan møtast. Vi ser at det vert tenkt nytt også i departementa sentralt. I staden for å flytte ut heile statlege arbeidsplassar lyser ein ut stillingar, der det vert sagt at du kan jobbe frå kvar som helst i Norge. Dette kan verte ei vanleg løysing i framtida dersom politikarane opnar opp for det. I

dette biletet må fylkeskommunen, kommunar og næringsliv vere vakne med å legge til rette for at menneske opplever det som attraktivt og bu og jobbe frå ein stad i Vestland. Dette må kome som ei satsing i tillegg til satsing på større bu og arbeidsområde.

## **Grøn næringsutvikling**

Landbruket legg ned mykje arbeid i å verte meir berekraftig og kan i stor grad bidra i den grøne næringsutviklinga. Matproduksjon og utmarksressursar gjev grunnlag for mange grøne produkt, mellom anna lokalmat, trevirke, energiproduksjon og karbonbinding i jord. Landbruket spelar også ei viktig rolle for reiselivet.

Bruk av husdyrgjødsel til produksjon av biogass er ein god ressursutnytting. Det er fleire biogassanlegg under planlegging i Vestland, men det er framleis trond for meir kunnskap om biogassproduksjon frå husdyrgjødsel og utnytting av biorest. Vestland har mange husdyrprodusentar og har ein mogelegheit til å vere leiande på biogass dersom det vert lagt til rette for ei satsing.

For å få fram fleire produkt og tekniske løysingar i Vestland, kan det vere ein fordel å kople innovative teknologiverksemder med landbruket gjennom FOU-aktivitet. Teknologisk utvikling med robotisering har vi berre sett starten av. Mjølkeroboten har intekte mange mjølkefjøs og presisjonslandbruket er kome for å bli. GPS styrer gjødselhandtering slik at presisjonsnivået vert høgt og klimautsleppa lågare. Klimakalkulatoren er i utprøvingsfasen og fokuset på dei ulike forbetringspunktene vert større. I frukt-, bær og grøntnæringa har teknologiutviklinga vore formidabel, mellom anna innan plukking, optisortering og lagringsteknologi. Frukt- og bærnæringa i Vestland har potensiale til å vere leiande i kvalitet i landet, men vi treng eit fylke som er drivande på teknologiutvikling. Dersom vi sakkas akterut på utviklinga, vil vi vi tape marknad.

Å tette eksportgapet er ei eiga overskrift og målsetjing i planen. Det er viktig at den lokale næringa kan ta del i denne verdiskapinga. Vestland har oppdrettsanlegg som eksporterer laks, men vi har også lokal lakseturisme basert på utmarksressursar. I botnen for innovasjon og nyskaping ligg produksjon av mat, dyktige personar, ein ny marknad og eit regelverk i endring. Knoppskyting skjer i stor grad med utgangspunkt i eksisterande produksjon. Eit døme på dette er siderprodusentane i Hardanger. Dei har utvikla og tilpassa eit urgammalt norsk produkt til dagens marknad, og no eksporterer dei til utlandet. Dette viser eit potensial for næringsutvikling som fylkeskommunen må vere med på å utvikle vidare. Andre eksempel er Invertapro (larveproduksjon) på Voss og produksjon av nøtter som plantebasert næring for menneske. Gjennom pris for verdens beste ost, Norges beste sider, best mjølkekvalitet i Tine og stadig utprøving av nye vekstar i Lærdal syner Vestlandsbonden at det er mogleg å omstille seg og skape innovasjon.

I samarbeid med andre næringar kan nye produkt og nye løysingar oppstå. Vestland har ei lang kystlinje og det jobbast mykje med FOU innan marin sektor. Vi har som mål å auke norskanndelen i kraftføret. Då må vi sjå på andre proteinkjelder, og her kan eit samspel med marinsektor vere ei løysing. Det må leggast til rette for meir forsking og utvikling av tang og tare som proteinkjelder, samt algeproduksjon. Folven Gard i Nordfjord har eit spanande prosjekt med algeproduksjon på gardsnivå, der algane potensielt kan bli eit protein supplement til mjølkeproduksjonen på garden. Vi treng fleire slike prosjekt som går på tvers av næringar.

Klimaendringar og ekstremvêr er med på å endre vilkåra for landbruket ikkje berre i Norge, men i heile verda. Areal som i dag står for store delar av matvareproduksjonen på verdsbasis står i fare for å gå ut av produksjon grunna klimaendringar. I tillegg til dette vert det stadig stilt større krav om både effektivisering og meir berekraftig produksjon av matvarer. Dette, i kombinasjon med eit stadig aukande folketal i verda, er noko vi alle har ansvar for å ta tak i. I Norge kan vi skryte av å ha lågast bruk av antibiotika, god dyrehelse, god plantehelse og eit landbruk som stadig jobbar

med å bli endå meir klimavenleg enn det allereie er. Dette er noko vi bør kunne dele med resten av verda. Eit konkret tiltak for å tette eksportgapet er å satse på innovasjon og teknologiutvikling innan landbruk og eksportere løysingar til andre land.

### **Innovative og inkluderande samfunn**

Dette er eit godt satsingsområde. I Vestland, med sine mange bygder, er det viktig å skape lokalsamfunn med gode bu- og arbeidsforhold. Å tenkje samarbeid og arbeide på tvers av sektorar er bra, men ta også med punkt der menneska kan ha kontoradressa til arbeidsplassen sin ein heilt annan stad enn der dei bur. Jamfør vårt innspel i innleiing under punkt om satsing. Utbetring av flaskehalsar innan transport og digitalisering vil gjøre det meir attraktivt å busetje seg i dei rurale delane av fylket. Fylkesvegane knyter ulike delar av fylket saman og skal fungere som ei trygg og føreseieleg ferdsselsåre for trafikantar og næringsliv. Landbruket er ei desentralisert næring med ein stor trøng for effektiv og sikker transport av produkt i heile verdikjeda. Det gjeld både primærproduksjon på garden, transport i industriell foredling og distribusjon av ferdigmat til detaljistleddet. Vegstandard på fylkesvegane og dei kommunale vegane er difor avgjerande.

### **Areal til næringsutvikling**

Landbruk er ei arealkrevjande næring, men også arealintensiv med stor verdiskaping på små areal. Husdyrhald kan til dømes krevje store areal, medan frukt- og grøntnæringa har svært stor verdiskaping på små areal. Dei færreste har meir areal enn dei treng til sin produksjon, og er avhengige av føreseielege rammer og langsiktig planlegging. Matproduksjon og levande kulturlandskap i heile fylket krev at landbruksareala vert sikra mot omdisponering til andre føremål.

Ei nedbygging av jordbruksareal vil vere negativt for mattrøgleik, beredskap, klima og biologisk mangfald. I planen vil ein sjå på jordvernstrategien som ein sentral indikator for jordvern.

Vestland Bondelag meiner planen må ha ein betre strategi for å ta vare på dyrka og dyrkbar mark og utmarksressursar. Eit verktøy for å oppnå dette kan vere ein regional strategi for jordvern.

### **Handlingsprogram 2021**

Landbruket er ein svært viktig aktør i det grøne skiftet. Yrkesutøvarane i landbruket forvaltar det meste av arealet og mange av naturressursane i fylket. Det er difor viktig at landbruket vert invitert aktivt med i prosessane som skal lede fram til nye handlingsprogram.

- Vestland Bondelag vil gjerne delta i arbeidsgrupper og møteplassar der tema som er viktig for utviklinga av næringslivet og lokalsamfunna i Vestland vert drøfta.
- Vi er også opne for å drøfte ei meir forpliktande deltaking gjennom Partnerskap utover det reine landbruksretta Partnerskapen der vi deltek i dag.

### **Handlingsprogram 2022-2025**

Vi meiner fylkeskommunen må ta ei aktiv haldning til utviklinga av landbruket i fylket. Mange av rammevilkåra vert vedtekne sentralt, men fylkeskommunen kan vere med å påverke retninga gjennom tydelege signal og prioritering av næringa.

- Vestland Bondelag ynskjer å vere ein aktiv medspelar i utvikling av næringsplan for Vestlandet
- For å sikre ein vidareutvikling av landbruket i Vestland, med auka verdiskaping og ei grøn utvikling, meiner Vestland Bondelag at det må utarbeidast ein eigen temaplan for landbruk.
- Om det vert lagt større vekt på tverrsektorielt samarbeid kan ein gjerne tillate seg å tenkje nytt der ein lagar felles handlingsprogram for næringar som er nært knytt opp til kvarandre.

Med venleg helsing  
Anders Felde, fylkesleiar

